



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
23.12.2013
Dykkar dato
19.09.2013

Vår referanse
2013/12118 339
Dykkar referanse
13/2041

Kommunal- og regionaldepartementet,
Postboks 8112 Dep.,
0032 Oslo

Høring - Reduksjon i amortiseringstida for premieavvik pensjon

Vi syner til brev frå Kommunal- og regionaldepartementet av 19.september d.å. I brevet gir departementet framlegg om å redusera amortiseringstida for premieavvik pensjon for 2014 og seinare år. Det er lagt fram to alternative framlegg. Alternativ 1 er ein reduksjon i amortiseringstida til fem år og alternativ 2 er ein reduksjon i amortiseringstida til sju år.

Etter innføring av nye rekneskapsreglar frå 2002 skulle driftsrekneskapan ikkje bli belasta med betalt premie, men med netto pensjonskostnad. Differansen mellom betalt premie og netto pensjonskostnad er definert som premieavviket. Dette skal bli teke til utgift/inntekt i driftsrekneskapan i det året det oppstår og kan bli fordelt (alternativt til første året) over dei femten neste åra for premieavvik til og med 2010 og over ti år for premieavvik frå og med 2011. Føremålet med ordninga var å sikra ei jamnare fordeling av pensjonskostnadene over åra.

Ordninga har i praksis medført at mange kommunar har store akkumulerte premieavvik som følgje av at det som er betalt i årleg pensjonspremie i dei fleste åra har vore høgare enn berekna pensjonskostnader. Dette har gitt positive premieavvik som har ført til utgiftsføring dei neste femten eller ti åra.

Bergen kommune sin økonomi utgjer ein betydeleg del av den samla kommuneøkonomien i fylket. Kommunen har no opparbeidd eit høgt akkumulert premieavvik for pensjon. Bergen kommune sitt akkumulerte premieavvik for pensjon var ved utgangen av 2012 komen opp i om lag kr. 2,1 mrd. Premieavviket svekkjer kommunen sin likviditet og dette medfører eit rentetap for kommunen.

Finansieringa av premieavviket er hovudårsaka til at Bergen kommune sitt lånefond har høgare langsiktig gjeld enn anleggsmidlar, som i hovudsak er utlån til bykassen (investeringslån og formidlingslån). Lånefondet sin langsiktige gjeld var om lag kr. 1,6 mrd. høgare enn samla utlån frå fondet til bykassen, kommunale bedrifter og kommunale føretak ved utgangen av 2012. Høgare innlån til lånefondet medfører større renteutgifter.

Innføringa av ordninga med premieavvik skulle gjere det lettare for kommunane å handtere svingingar i premieinnbetalingane. Det akkumulerte premieavviket har auka over åra og ordninga har difor ikkje fungert etter intensjonen og føremålet då ho blei innført i 2002.

Ein reduksjon i amortiseringstida vil innebære ei innstramming i kommuneøkonomien på kort sikt. Dette kan medføre økonomiske problem for kommunane og redusere kommunale tenester på kort sikt.

Då ordninga blei innført i 2002, var lengste lovlege inndeckningstid for underskot fire år. I ettertid er kommunelova endra slik at lengste inndeckningstid for underskot er ti år. Dette taler for å stramma inn ordninga med premieavvik - og eventuelt ta den heilt bort - når kommunane kan bruka lengre tid på å dekkja inn eventuelle underskot. Lengre tid på underskotsinndeckning er etter vår vurdering betre enn å ha store akkumulerte premieavvik for pensjon.

Fylkesmannen vil på denne bakgrunn tilrå alternativ 1 av departementet sine framlegg - reduksjon i amortiseringstida til fem år. Etter vår vurdering vil likevel den beste løysinga vere det forslaget som Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund har lagt fram; å ta bort ordninga med premieavvik frå 1.januar 2015, slik at betalt pensjonspremie kjem fram som årets utgift, men utan at dette får tilbakeverkande kraft. Det vil seie at akkumulerte premieavvik til og med 2014 blir gjort opp etter noverande ordning og reglar.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.